



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Sosialisering sett i lys av sosiale medium

Socialization from a social media
perspective

Hanne Åsebø

Kandidatnummer: 322

BSV5-300/Bachelor i Sosialt arbeid
Fakultet for helse- og sosialvitenskap
Institutt for velferd og deltaking

Antall ord: 9717 (Alternativ A)

20.05.2020

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Føreord

Det nærmar seg no slutten på studiet Sosialt arbeid. Denne oppgåva er det avsluttande emnet på utdanninga. Prosessen med bacheloroppgåva har vore spennande, og ikkje minst veldig lærerik.

Eg vil rette ein stor takk til intervjupersonane som har stilt opp, både til pilotstudien og til undersøkinga. Eg vil også takke alle som har hjelpt til med både rettleiing, motivasjon og gode råd!

Samandrag

Føremålet med denne oppgåva var å undersøke korleis sosiale medium kan bidra i sosialiseringssprossar blant unge jenter i dagens samfunn. For å undersøke dette gjennomførte eg kvalitative forskingsintervju av tre jenter. Det viser seg at sosiale medium er blitt ein integrert del av kvardagen til dagens ungdom. Det at sosiale medium har blitt så viktig for deltakarane, kan påverke deira sosialiseringsspross. Resultata mine viser at deltakarane har gått gjennom ein modningspross, der dei har tileigna seg kunnskap, blitt meir kritiske, lært seg å navigere og skjerme seg sjølv.

Abstract

The purpose of this study was to explore how social media can contribute to socialization processes among young girls in today's society. To investigate this, a qualitative research interview was conducted using three young female participants. It was found that social media has become an influential part of today's youth. Social media has played a prominent role in the lives of the participants so much that it may have affected their socialization processes. The results determined that the participants went through a maturation phase where they have acquired knowledge, became increasingly critical, and learned to navigate and protect themselves.

Innhald

1.0 Innleiing	4
1.1 Bakgrunn for val av tema og forforståing	4
1.2 Presentasjon av problemstilling.....	5
1.3 Avgrensing og presisering.....	5
1.4 Tidlegare forskning.....	5
1.5 Sosialt arbeid si relevans.....	6
1.6 Oppgåva si oppbygging.....	6
2.0 Teori	7
2.1 Sosialisering.....	7
2.2 Teorien om sosiale samanlikningsprosessar	8
3.0 Metode	8
3.1 Val av metode	9
3.2 Kvalitativt forskingsintervju	9
3.3 Val av informantar	10
3.4 Pilotstudie.....	10
3.5 Etske omsyn knytt til datainnsamling	10
4.0 Empiri	11
4.1 Kva erfaring har intervjupersonane med sosiale medium?	12
4.2 Kva tankar har intervjupersonane om samanlikning?	12
4.3 Påverknad frå sosiale medium.....	12
4.4 Kva er deltakarane sine opplevingar av press?.....	12
4.5 Korleis stiller deltakarane seg til sosiale medium?	12
5.0 Drøfting	16
5.1 Sosialisering på ulike arenaer	16
5.1.1 Referansegruppa	16
5.1.2 Sosiale samanlikningsprosessar.....	17
5.2 Sosialisering som ein livslang prosess	18
5.3 Sosialisering på sosiale medium	19
5.3.1 Sosiale medium som ein viktig og intergrert del av kvardagen	20
5.3.2 Sjølvbilete	20
5.3.3 Selektiv eksponering.....	21
5.3.4 Kva styrer handlingane til deltakarane?	22
6.0 Avslutning	22
Litteraturliste	24
Vedlegg 1 - Informasjonsskriv	28
Vedlegg 2 - Intervjuguide	30

1.0 Innleiing

Sosiale medium har teke verda med storm, og er nok kome for å bli. For mange er sosiale medium ein integrert del av kvardagen. Heile 9 av 10 mellom 16-24 år brukar sosiale medium dagleg eller nesten dagleg (Røgeberg, 2018). Det at sosiale medium er blitt ein så stor del av kvardagen til unge, gjer at det er heilt andre føresetnadar som gjeld for oppvekst og ungdomstid. Mykje av samspelet mellom ungdomar skjer i dag over sosiale medium og har difor påverknad på utviklinga deira (Helleve & Klepp, 2017, s. 399). Dette kan tyde på at sosiale medium har blitt ein sentral del av sosialiseringprosessen, altså den prosessen vi formar oss som sjølvstendige individ og medlemmar av samfunnet (Frønes, 2013, s. 11; Sølvsberg, Kjelsaas & Eriksen, 2007, s. 65).

1.1 Bakgrunn for val av tema og forforståing

Sjølv om sosiale medium er eit relativt nytt fenomen, er det på høg tid å ta det på alvor då det tek så mykje tid av dagane til dei unge. Heile 35% av jentene opplever mykje eller svært mykje press om å sjå bra ut eller å ha ein fin kropp, samanlikna med 10% av gutane (Bakken, 2019, s.73). Det var nettopp dette presset eg i utgangspunktet ønska å undersøke. Eg hadde eit ønske om å forstå korleis unge jenter blir påverka av sosiale medium, som til dømes kroppspress. Eg hadde ei dominerande oppfatning om at sosiale medium påverkar oss negativt. Denne forforståinga var prega av at det gjennom tradisjonelle medium har vore eit stort fokus på at sosiale medium skapar kroppspress. NRK TV har til dømes hatt fleire debattar der dette har vore tema (NRK TV 2018; NRK TV 2019; NRK TV 2020). I tillegg har eg, som mange andre, kjent på kjensla av å ikkje være god nok når ein samanliknar seg med andre sine «perfekte liv». Eg hadde ei oppfatning av at dette «perfekte livet» kom ytterlegare i fokus gjennom sosiale medium. Eg har etterkvart forstått at sosiale medium er mykje meir komplekst enn dette. Det blir mellom anna brukt til kommunikasjon, inspirasjon, vise kreativitet og som underhaldning. Dagens ungdom har vakse opp med teknologien som ein sentral del av kvardagen deira. Fenomenet sosiale medium har, for dei, alltid vore der. Det er ein naturleg del av livet deira. Eit slikt perspektiv på sosiale medium fanga interessa mi. Kor sentralt er sosiale medium for utviklinga til ungdomen i dag? Kva er deira tankar og opplevingar av dette fenomenet?

1.2 Presentasjon av problemstilling

På bakgrunn av refleksjonane ovanfor har eg valt følgjande problemstilling:

- *På kva måte kan sosiale medium bidra i sosialiseringssprossar blant unge jenter i dagens samfunn?*

1.3 Avgrensing og presisering

Ein klar definisjon på sosiale medium viser seg å være vanskeleg å finne. Likevel er det fleire forfattarar som prøver å forklare kva det er. Staude og Marthinsen (2013, s. 42) forklarar sosiale medium som eit «[...] verktøy vi kan bruke for å kommunisere med andre menneske». Ida Aalen (2015, s. 19) nemner to faktorar ho hevdar er avgjerande for å forklare sosiale medium. For det første er det vanskeleg å skilje mellom sender og mottakar. For det andre legg det «[...] til rette for mange-til-mange-kommunikasjon (Aalen, 2015, s. 19). Denne kommunikasjon skjer over internett. Den skil seg difor frå direkte, personleg kontakt mellom menneske. Eg har også valt å avgrense oppgåva ved å rette fokuset mot jenter. Grunnen til at eg gjorde denne vurderinga, er fordi dei brukar meir tid på sosiale medium enn gutar (Bakken, 2019, s. 61).

1.4 Tidlegare forskning

I arbeidet med denne bacheloroppgåva har eg forsøkt å finne ut kva som finst av tidlegare forskning om påverknad av sosiale medium. Eg opplev at forskingsfeltet er dominert av forskning internasjonalt. Fardouly, Diedrichs, Vartanian og Halliwell (2015) har forska på sosial samanlikning på sosiale medium, nærare bestemt korleis Facebook påverkar unge kvinners kroppsbilete og humør. Fardouly har også, saman med Pinkus og Vartanian (2017), utforska korleis samanlikning av utsjånad påverkar unge kvinner. I staden for å fokusere utelukkande på sosiale medium har dei også utforska korleis denne påverknaden skjer i tradisjonelle medium og personleg. Hogue og Mills (2019) har forska på korleis involvering med attraktive, jamaldrande kvinner på sosiale medium påverkar andre kvinners kroppsbilete. I tillegg tar Best, Manktelow og Taylor (2014) for seg både fordelar og ulemper knytt til korleis online teknologi påverkar ungdoms mentale velvære.

I Noreg er det derimot betydeleg mindre forskning på sosiale medium si påverknadskraft. Eg opplev at forskingsfeltet i Noreg er dominert av mastergradsavhandlingar. Siw Hege

Henriksen (2017) har undersøkt sammenhengen mellom skjermtid, venns­kapsrelasjonar og psykiske helseplager. Mari Skåla Thorbjørnsen (2017) tar for seg sammenhengen mellom kor mykje ungdomar brukar sosiale medium og korleis de opplever sin eigen psykiske helse. Kathrine Klepsvik Lønøy (2019) går i ein litt anna retning og undersøker kva rolle influencerar har for unge kvinner. Gjennom dybdeintervju snakkar dei blant anna om korleis bilete lagt ut av influencerar påverkar dei kvinnelege informantane (Lønøy, 2019). Også Øgård-Repål, Strand & Karlsen (2017, s. 115-116) finn i sin forskingsartikkel at jenter i ungdomsskulen opplev auka kroppsfokus, blant anna frå blogg.

Eg opplever at alle desse studiane ser på anten positive eller negative sider ved bruk av sosiale medium. Nokre av forskingsartiklane ser på korleis sosiale samanlikningsprosessar kan spele inn på kor mykje ein blir påverka av sosiale medium. Det ingen av desse ser på, er korleis sosiale medium kan være ein del av samfunnets sosialiseringss­prosess.

1.5 Sosialt arbeid si relevans

I FO sitt yrkesetiske grunnlagsdokument for barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsviterar (2019, s. 7) står det følgjande under kapittel 2 om verdier vi forpliktar oss til: «Helse- og sosialfaglig arbeid legg til grunn at det er mange aspekt ved livet til menneska som er viktige for velferda, og at individ og samfunn påverkar kvarandre». For at vi som sosionomar skal klare å oppnå eit heilskapleg syn på menneske er det naudsynt å forstå kva rolle sosiale medium har for born og unge. Til no har mykje av forskinga fokusert på korleis fenomenet heng saman med psykisk helse. Sidan omfanget av bruken er så stor, vil eg hevde at det er naudsynt å tenke nytt og større. Kunnskap kan bidra i førebyggjande og tiltaksretta arbeid for ungdom. På denne måten kan vi hjelpe dei på ein best mogleg måte.

1.6 Oppgåva si oppbygging

Denne oppgåva er delt inn i seks kapittel: innleiing, teori, metode, presentasjon av empiri, drøfting, og til sist ei avslutning. For å belyse temaet og svare på problemstillinga, har eg i teorikapittelet teke med relevant teori for funna mine. I metode-kapittelet har eg valt å beskrive i detalj korleis eg har gått fram for å samle inn data. Dette er med på å sikre at du som les oppgåva veit kva eg har gjort for å komme fram til funna mine, og ikkje minst kvifor eg gjorde slik (Dalland, 2017, s. 199-200). I det fjerde kapittelet vil eg presentere empirien, som er basert på intervju med tre jenter i alderen 18-19 år. Til slutt vil eg drøfte funna mine

opp mot relevant teori og forskning, samt skrive ei oppsummering av oppgåva. Målet med oppgåva er å undersøke kva betydning sosiale medium har for unge jenter, samt utforske korleis dette fenomenet kan sjåast som ein del av sosialiseringprosessen.

2.0 Teori

I dette kapittelet vil eg presentere teori eg synes er relevant for å belyse problemstillinga om korleis sosiale medium kan bidra i sosialiseringa blant unge jenter.

2.1 Sosialisering

Sosialisering handlar om «[...] hvordan spedbarn utvikler seg til unike individer og medlemmer av et samfunn» (Frønes, 2013, s. 11). Det er ein prosess der vi både vert sjølvstendige individ og tilpassar oss dei normene og reglane som er styrande i samfunnet (Sølvberg et al., 2007, s. 65). Vi lærer om kunnskap, ferdigheiter, normer og verdiar slik at vi kan navigere oss gjennom kvardagen (Sølvberg et al., 2007, s. 51).

Frønes (2013, s. 21-25) skil i hovudsak mellom to former for sosialisering: primær og sekundær. Primærsosialiseringa blir sett på det som skjer i oppveksten. I hovudsak skjer dette i tilknytning til familien, men for nokre kan også til dømes lærarar vere ein del av denne prosessen. Sekundærsosialiseringa tek til seinare i livet. Her er ofte skulen og arbeidslivet viktige arenaer for læring av spesifikke ferdigheiter. Desse ferdigheitene er nødvendige for å fylle ulike roller i samfunnet (Sølvberg et al., 2007, s. 54). Vidare går sosialisering ofte føre seg i grupper. Sølvberg et al. (2007, s. 53-54) nemner tre ulike grupper; primær-, sekundær- og referansegrupper. Dei to første har tilknytning til primær- og sekundærsosialiseringa. I referansegruppa gjer vi samanlikningar med andre medlemmar. Sølvberg et al. (2007, s. 53-54) hevder vidare at ei *positiv* referansegruppe ofte er eit ideal, nokon vi ønsker å være lik. På same måte er ei *negativ* referansegruppe nokon vi ikkje ønsker å identifisere oss med (Sølvberg et al., 2007, s. 53-54).

Også Repstad (2014) skil mellom to former for sosialisering, men på ein annan måte. Ho forklarar forskjellen mellom ein pragmatisk tilpassing og ein ideologisk tilslutning. Ved ein pragmatisk tilpassing utfører vi handlingar sjølv om den strider i mot det vi egentleg tenker er rett. Åtferda vår blir då styrt fordi vi opplev forventningar knytt til den rolla vi har, og fordi vi

ønsker å unngå ubehagelege situasjonar. Ved ein ideologisk tilslutning blir handlinga styrt fordi vi sjølv tenker det er rett (Repstad, 2014, s. 56). Dette blir også kalla internalisering fordi det ytre til slutt blir din eigen, naturlege tenkemåte (Frønes, 2013, s. 19).

Fleire av forfattarane nemner medium som ein del av sosialiseringa. «Media er på mange måtar leverandørar av kultur, verdiar, normer og idear, og difor må dei reknast som svært viktige sosialiseringsagentar i samfunnet» (Andresen, Henningsen & Kval, 2007, s. 105). I tillegg nemner Frønes (2013, s. 24) at «sosiale medier opptre som en forlengelse av sosiale kommunikasjonskanaler, samtidig som de influerer på utformingen av kommunikasjonen». Frønes (2013, s. 24) hevdar også at fenomenet påverkar oss ulikt då funksjonen av sosiale medium varierer med korleis vi brukar det. I tillegg nemner Sølvsberg et al. (2007, s. 75) at vi er selektive i forhold til kva vi eksponerer oss for. «Vi godtar nemlig ikke alt; vi foretar en *selektiv eksponering*. Vi velger selv, i hvert fall delvis, hva vi vil «utsette» oss for» (Sølvsberg et al., 2007, s. 75).

2.2 Teorien om sosiale samanlikningsprosessar

Leon Festinger (1954, s. 117-118) presenterte in teori om at mennesker har eit grunnleggande behov for å evaluere våre meingar og evner, og at vi gjer dette ved å samanlikne oss med andre. Vi samanliknar oss altså med andre menneske for å finne ut kor vi står i forhold til dei. Vidare hevder han at slike samanlikningar minskar etterkvar som forskjellen mellom meiningane og evnene aukar (Festinger, 1954, s. 120). Det vil seie at vi har ein større tendens til å samanlikne oss med dei vi sjølv er lik. Dersom du skal springe ein distanse fell det naturleg å samanlikne deg med dei du trur du kan slå (Aalen, 2015, s. 113-114). Det er vanleg å skilje mellom to typar sosial samanlikning: *oppadrettet* når ein samanliknar seg med personar som er betre enn seg sjølv, og *nedadrettet* når personen er dårlegare enn seg sjølv (Aalen, 2015, s. 113-114).

3.0 Metode

I dette kapittelet vil eg forklare korleis eg har innhenta data og grunngje valet av metode. Alle val er blitt gjort med bakgrunn i problemstillinga mi som handlar om korleis sosiale medium kan sjåast som ein del av sosialiseringsprosessen til unge jenter.

3.1 Val av metode

Aubert (1985, s. 196) definerer metode som «[...] en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder». Vidare forklarer Dalland (2017, s. 51-52) metode som ein reiskap for korleis vi bør gå fram for å finne svar på det vi undersøker. I denne oppgåva har eg valt å bruke *kvalitativ metode*. Denne metoden eignar seg godt til å innhente data i form av ord, setningar og uttrykk (Jacobsen, 2010, s. 56). Det er også ein metode som blir brukt for å få tak i opplevingane og meiningane til informantane (Dalland, 2017, s. 52). Ved å tolke datamaterialet vil eg prøve å forstå kva rolle sosiale medium har for unge kvinner.

3.2 Kvalitativt forskingsintervju

For å samle inn empiri knytt til problemstillinga har eg valt å gjennomføre kvalitative forskingsintervju. Formålet med slike intervju er å samle inn fyldig informasjon om korleis intervjupersonens sjølv opplever livssituasjon sin (Dalen, 2011, s. 13; Dalland, 2017, s. 65). Eg ønska å få tak i deira egne erfaringar og tankar rundt temaet (Dalen, 2011, s. 13), og meiner difor at slike intervju er eigna for å samle inn data knytt til problemstillinga.

Kvalitative forskingsintervju som datainnsamlingsmetode er ein tidkrevjande prosess. Det er mange moment eg må tenke på både før, under og etter gjennomføring av samtalanene. Intervju kan gjennomførast både individuelt og i grupper. Gruppeintervju har fordelene ved at det blir skapt ein diskusjon rundt eit tema, medan individuelle intervju får betre fram meiningar og synspunkt blant den einskilde (Jacobsen, 2010, s. 89-90). Eg har valt å nytte meg av individuelle intervju. På denne måten slepp jentene å ta omsyn til kva dei andre tenkjer og meiner. I tillegg er ein-til-ein-relasjonane eit betre utgangspunkt for å skape tillit og openheit (Jacobsen, 2010, s. 89). Ein annan faktor som er viktig å tenke over, er om intervju skal være opne eller strukturerte. Eg har valt ein mellomting, noko Dalen (2011, s. 26) omtalar som halvstrukturert eller semistrukturert. Eg har difor laga ein intervjuguide (vedlegg 2) for å sikre at dei relevante emna knytt til temaet mitt vert teke opp (Dalen, 2011, s. 26; Dalland, 2017, s. 78; Jacobsen, 2010, s. 91). I intervjuguiden har eg valt å dele opp spørsmåla i ulike tema: erfaring med sosiale medium, samanlikning, påverknad, kroppspress og avslutning.

3.3 Val av informantar

Det var fleire moment eg måtte tenkje over i arbeidet med å finne informantar. Eg måtte mellom anna ta omsyn til nokre retningslinjer. I følge reglane som er nedfelt i metodeskrivet (Risøy & Sørensen, 2020), har eg ikkje lov å intervju personar under 18 år då dette utløyser meldeplikt til Norsk senter for forskningsdata (NSD). Det blei difor naturleg å finne intervjupersonar i alderen 18-19 år. I tillegg ønska eg å snakke med jenter, då statistikken viser at jenter brukar meir tid på sosiale medium enn gutar (Bakken, 2018, s. 61; Bakken, 2019, s. 61). Eg prøvde først eit *tilfeldig utval* (Dalland, 2017, s. 74) ved å legge ut ei annonse på Instagram. På denne måten håpte eg å nå ut til unge brukarar av sosiale medium. Denne framgangsmåten viste seg å være vanskelegare enn eg førestilte meg då ingen viste interesse for deltaking. Eg måtte difor gå over til *strategiske utval* (Dalland, 2017, s. 74). Eg tok direkte kontakt gjennom Messenger med tre jenter som eg sjølv visste var i aldersgruppa. Alle tre jentene har eg kjennskap til via kjente. I ei kort melding informerte eg om forskingsprosjektet mitt og at eg ønska å intervju tre til fem unge jenter. På slutten av meldinga spurte eg om dei hadde interesse av å stille til intervju. Alle jentene takka ja og fekk tilsendt informasjonsskrivet i god tid før intervjuet fann stad.

3.4 Pilotstudie

For å stille meir forberedt, gjennomførte eg eit prøveintervju med søstera mi. På denne måten fekk eg både teste intervjuguiden, bandopptakaren og meg sjølv som intervjuar (Dalen, 2011, s. 30-31). I tillegg er testpersonen i omtrent same aldersgruppe som eg ønska intervjupersonane skulle være. Gjennom prøveintervjuet erfarte eg at fleire av spørsmåla var for lukka, noko som gjorde at prøveintervjuet blei kort og lite utfyllande. Eg gjorde difor store endringar med intervjuguiden. I tillegg fekk eg tilbakemelding frå testpersonen om at eg verka fornøgd med dei svara eg fekk, og ikkje spurte vidare (Dalland, 2017, s. 83). Dette tok eg med meg vidare til intervju. På grunn av alle endringane og erfaringane eg gjorde ved prøveintervjuet blei dette ein viktig del for resultatet av intervjuet og resten av oppgåva.

3.5 Ethiske omsyn knytt til datainnsamling

I førebuinga til intervjuet var det viktig for meg å gje informantane tilstrekkeleg med informasjon slik at dei visste kva intervjuet gjekk ut på og at det var frivillig å delta (Jacobsen, 2010, s. 31-33). Deltakarane fekk informasjon om forskingsprosjektet både før og

etter spørsmål om deltaking. Dei fekk i tillegg være med å bestemme kor intervjuet skulle gå føre seg. Dette gjorde eg for å skape mest mogleg trygge rammer for deltakarane.

I forkant av intervjuet sørga eg for at intervjupersonane hadde forstått informasjonsskrivet ved å gå munnleg gjennom dei viktigaste punkta. Samtalen med deltakarane blei teke opp på bandopptak som ikkje kan koplast til internett. Dei gav munnleg samtykke på bandopptaket og bekrefta at dei hadde lest informasjonsskrivet. Korkje namn eller andre identifiserande opplysningar blei teke opp. På denne måten blei retten deira om anonymitet teke vare på (Risøy & Sørensen, 2020). Intervjupersonane sitt krav om anonymitet (Dalland, 2017, s. 77) har eg vidare teke vare på ved å bruke fiktive namn i oppgåva: Sara, Marte og Pernille.

For å presentere det dei fortalte på ein korrekt måte (Jacobsen, 2010, s. 36-37), har eg valt å bruke bandopptak og transkribert kvart intervju ordrett. Eg transkriberte intervjuet med det same eg kom heim for å ta vare på ferske intrykk og tankar (Dalland, 2017, s. 86). Både lydopptak og transkribering blir sletta etter eg har motteke karakter på oppgåva. I analysen og tolkinga har eg prøvd å veksle mellom heilskapen og delane for å lettare oppdage motsetningar (Dalland, 2017, s. 88). Eg har også prøvd å ikkje ta noko ut av den samanhengen den blei gjeven i. I analysen har eg også blitt inspirert av Braun og Clarke (2006) ved å leite etter tema som gjekk igjen på tvers av informantane. Deretter organiserte eg data i meiningsfulle grupper, slik det er blitt framstilt i empirien.

4.0 Empiri

I dette kapitlet ønsker eg å presentere funna eg har gjort som har relevans for problemstillinga mi (Dalland, 2017, s. 200): *På kva måte kan sosiale medium bidra i sosialiseringssprossar blant unge jenter i dagens samfunn?* Eg vil først presentere kva erfaring deltakarane har med sosiale medium og kva tankar dei har om samanlikning. Vidare vil eg gå inn på korleis dei vert påverka av sosiale medium og deira oppleving av press. Til slutt vil eg presentere korleis deltakarane stiller seg til sosiale medium.

4.1 Kva erfaring har intervjupersonane med sosiale medium?

Alle intervjupersonane brukar Instagram, Snapchat og Facebook. I tillegg brukar Sara og Marte VSCO, som er ein plattform for deling av bilete. Det er likevel stor einigheit om at Instagram blir brukt mest. På spørsmål om kva dei brukar sosiale medium til, svarar alle at det i hovudsak er kommunikasjon med familie og venar, i tillegg til inspirasjon og tidsfordriv/underhaldning. Alle intervjupersonane fortel at dei har god erfaring med sosiale medium. Marte sa at ho ofte sit igjen med at sosiale medium er veldig kjekt, men ho gav ikkje døme på dette. Vidare fortalde ho at ho brukar til dømes Instagram som tidsfordriv når ho kjedar seg. Sara fortalde at ho har bra erfaring med sosiale medium, og forklarar dette med at ho aldri har opplevd nokre ubehagelege situasjonar. I tillegg nemnde ho at ho ikkje veit kva ho skulle gjort utan sosiale medium.

Alle deltakarane nemnde fleire positive enn negative sider ved sosiale medium. Pernille sa mellom anna at ho følger kontoar som formidlar kunnskap og tips om økonomi. «Så det er veldig lærerikt viss ein er på dei riktige plattformene», fortalde ho vidare. Sara nemnde kommunikasjon som ein av fleire positive sider ved sosiale medium: «For eg syns det er litt lettare å snakke med nokon over telefon, og lettare å uttrykke seg over sosiale medium». Ho var også den einaste av informantane som ikkje hadde negative tankar om sosiale medium. Pernille sa at det kan «[...] være negativt viss ein berre følger folk som gjer at ein føler seg dårleg». Marte nemnde press med «likes» som noko negativt, men fortalte ikkje noko om korleis dette påverkar ho.

4.2 Kva tankar har intervjupersonane om samanlikning?

Alle informantane uttrykte litt usikkerheit knytt til samanlikning med andre. Sara fortalde: «Eg trur eigentleg ikkje det er noko eg gjer så mykje, men eg gjer det jo litt når eg ser på slik utforsk-sider at der er mange fine modellar». Marte uttrykte at ho ikkje likar ordet samanlikning: «Eg vil ikkje seie at eg samanliknar meg så veldig mykje, det er vel meir, altså, eg er meg sjølv og så kan eg heller finne inspirasjon». Pernille sa at ho prøvar å la være å samanlikne seg med andre. Likevel formidla ho at samanlikning kan oppstå dersom det er noko ho er opptatt av. Ho påpeikte at det kan opplevast både inspirerende og uopnåeleg når andre flinke til noko. Vidare fortel ho at det handlar om kven ein eksponerer seg for. Ho har sjølv gjort endringar i form av å bytte ut kven ho føl. Ein anna ting Pernille var veldig opptatt

av, er at vaksne ikkje snakkar om slanking framfor barn. «Dei blir jo forma av akkurat dei små tinga», la ho til.

Det var litt variasjon i relasjonen deltakarane har til dei dei samanliknar seg med. Sara var den einaste som var tydeleg på at ho ikkje samanliknar seg med venar. Ho fortalde at ho ikkje har behov for å samanlikne seg med dei fordi ho er trygg på at ho er god nok slik ho er. Ho samanliknar seg heller med folk ho ikkje har ein relasjon til, og nemnde «Instagram-modellar» som eit eksempel. Ho la til: «Eller ikkje modellar akkurat heller, for det kjem opp slike vanlege folk som berre har lagt ut fine bilete liksom». I motsetning til Sara, fortalde Marte at inspirasjonen hennar ofte kjem frå venar, men at dette kan variere. Ho påpeikte mellom anna at ho får inspirasjon til trening frå ein kjent treningsprofil. Pernille fortalde at ho blir meir påverka av dei ho har ein nærare relasjon til. «[...] men eg trur kanskje eg blir enda meir påverka viss det er folk eg kjenne litt, enn viss det er folk som er heilt, ja, kjendisar eller noko. For då følast det på ein måte meir nært og meir uopnåeleg».

4.3 Påverknad frå sosiale medium

Etter intervjuet sat eg igjen med eit inntrykk av at ingen av informantane let seg påverke av sosiale medium. Dette inntrykket kan ha oppstått fordi deltakarane fleire gangar nemner at dei ikkje blir påverka. Likevel kan eg i etterkant av transkriberinga sjå tendensar til at dei i noko grad lar seg påverke. «Ein vil jo helst tru at ein ikkje blir påverka negativt uansett, men viss ein føl nokon over lang tid som på ein måte innprenta same type budskap [...]. Så viss ein berre omgir seg med det så gløymer ein jo litt kva som er normalt» fortalte Pernille. Sara fortel også indirekte om påverknad frå personar ho identifiserer seg med. «Det er jo slik at viss eg ser ein person, akkurat slik eg vil sjå ut, og veit at ho har gjort eit eller anna med seg sjølv for å sjå slik ut, så tenker eg at “åå da kan eg òg gjere slik for å sjå slik ut”». Også Marte viste teikn til indirekte påverknad frå andre. Ho fortalte at ho til tider skulle ønske ho har ting som andre på sosiale medium har.

Ein ting som gjekk igjen, var at deltakarane viste til andre når dei snakka om påverknad frå sosiale medium. Alle deltakarane brukte blant anna ordet «ein». Sara sa: «Viss ein ser nokon som er modelltynne og kjempefine, så tenker ein at det er sånn ein må sjå ut for å være modell og da vil ein liksom sjå slik ut». Marte refererte til andre på same måte: «Det kan jo hende at folk tenker at det er normalen og ein må ha det for å være fin og slikt». Også Pernille tok eit par gongar i løpet av intervjuet avstand ved å referere til andre. På slutten av samtalen uttrykte

ho eit ønske om å få eit enkelt svar på alt. «For det er jo veldig mange som føler at sosiale medium gjer at ting blir vanskeleg». Ho sa vidare at ho kjenner folk som skulle ønske dei såg annleis ut, for eksempel at dei hadde flat mage.

I tillegg til avstandstaking, snakka alle deltakarane mot seg sjølv i nokre samanhengar. Då eg spurte Sara om kva måte ho samanliknar seg på sosiale medium, svarte ho først: «Eg trur eigentleg ikkje det er noko eg gjer». Vidare la ho til: «[...] men eg gjer det jo litt når eg ser på slik utforsk-side». I intervjuet med Pernille spurte eg om korleis ho tenker bilete på sosiale medium blir framstilt. Ho fortalde at bileta ofte er redigerte slik at dei blir meir attraktive. Vidare fortalde ho om sine tankar rundt redigering av bilete. Ho uttrykte at det ikkje gjer noko fordi ho er bevisst på det. Seinare i samtalen uttrykte ho at med mindre den som legg ut er ærleg om redigeringa, er det nesten umogleg å vite om dei er redigerte. Marte var også relativt bestemt på at ho ikkje blir påverka av sosiale medium. Ho la til at dersom ho har ein dårleg dag, kan ho tenke «skulle ønske eg òg var slik». Vidare påpeikte ho at slike tankar sjeldan dukka opp.

4.4 Kva er deltakarane sine opplevingar av press?

I intervjuet spurte eg om kva tankar deltakarane hadde i forhold til kroppspress. Alle tre hadde ei oppfatning om at ansvaret ligg på det enkelte individ. Dei uttrykte i tillegg at dei ikkje kan legge seg opp i korleis andre vel å framstille kroppen sin. Alle hadde ei sterk forståing av at det er opp til den einskilde kva dei delar og kven dei følger. Både Pernille og Sara fortalte at dei sjølv har gjort tiltak i form av å slutte og følge folk. Marte nemnde ingenting om dette.

Til tross for dette fortalte Marte om ei rolleforventning på sosiale medium. «Det kan jo kanskje bli litt slik at ein føler at ein må legg ut ting, eller at ein må på ein måte ha ein høg standard på det ein legger ut» formidla Marte. Ho påpeikte også at ho ikkje blir påverka av det, men ho tenker ho må gjere det best mogleg når ho først legg ut noko. Vidare spurte eg om ho følte press for å legge ut positive bilete. «Eg føle ikkje at det er eit press, men det er jo noko som ligg der på ein måte», svarte ho.

I motsetning til Marte, var dei to andre deltakarane tydelege på at dei tek avstand til kollektivets forming. Sara fortalde: «[...] så har eg berre forstått det meir og meir, at eg ikkje treng å endre meg sjølv for å sjå fin ut». Vidare la ho til: «No berre legg eg ut det eg vil, og eg

ser på det eg vil og eg føler ikkje noko trang for å liksom sjå ut som det og det». Også Pernille tok avstand til kollektivets forming. Ho uttrykte mellom anna at ho er meir opptatt av funksjonalitet enn utsjånad. «Eg har jo ein kropp som fungerer og som eg kan bruke til alt mogleg. No har eg meir fokus på at eg har lyst å bli sterk og matche søskena mine på fjelltur, enn at eg skal sjå slik og slik ut fordi det er jo ikkje, det er ikkje så viktig». Vidare la ho til: «Å ha ein frisk kropp er mykje viktigare for meg enn å ha ein tynn kropp eller det som blir av mange sett på som ein fin kropp». Ho fortalde også at ho har blitt trygga av familien og at ho har venar som er veldig opptatt av å snakke positivt om kvarandre.

4.5 Korleis stiller deltakarane seg til sosiale medium?

Alle intervjupersonane uttrykte at sosiale medium er ein integrert del av kvardagen deira. Ei av jentene brukar to-tre timar kvar dag, medan dei to andre brukar rundt fem timar på sosiale medium dagleg. Det er også tydeleg at sosiale medium er ein veldig viktig reiskap for å halde kontakt med venar og familie. Dette er noko alle nemnde då eg spurte kva dei brukar sosiale medium til. Deltakarane nemnde også alder som ein avgjerande faktor i forhold til kva grad dei blir påverka av sosiale medium. Marte uttrykte at ein blir meir sikker på seg sjølv med alderen og at dette kan spele inn på kor mykje ein vert påverka. Pernille nemnde også at ho blei meir påverka før fordi ho var meir usikker. Ho formidla også at sosiale medium ikkje nødvendigvis var årsaka til slik usikkerheit blant unge. «Altså det er jo ikkje unormalt, og det har jo ikkje vært unormalt at ein er litt usikker på seg sjølv når ein går på ungdomsskulen og vidaregåande. Det er jo ikkje noko nytt etter at sosiale medium kom, sjølv om det kanskje har blitt litt forsterka då». På same måte uttrykte ho at sosiale medium ikkje har all skuld for kroppspress. «Viss ein omringa seg med folk som berre snakkar om at ein skal slanke seg og være tynne og må få sommarkroppen og slik, så blir jo ein litt slik sjølv fordi det smitta jo av».

I intervjuet spurte eg om kva tankar dei har om påverknad i forhold til sjølvbiletet. Både Pernille og Sara formidla at sjølvbiletet kunne endre seg ut i frå kva ein eksponerer seg for. Sara meinte at dersom ein ser det «perfekte» om og om igjen, så kan sjølvbiletet bli dårlegare. Her nemnde ho også tid som ein avgjerande faktor. Pernille var inne på det same. Ho sa at sjølvbiletet kan bli endra ut i frå kva ein ser på. «Viss ein i utgangspunktet syns at ein er heilt fin, så kan sjølvbiletet bli endra når ein ser at dei som får, på ein måte, mest positiv oppmerksomheit ser ut på ein viss måte», sa ho. Vidare fortalde ho at dersom ein er sikker på

seg sjølv, så blir ein ikkje påverka. Det ho stilte seg spørsmål ved, var korleis ein skulle få fram denne sikkerheita. Marte formidla eit anna synspunkt. Ho gav uttrykk for at sjølvbilete hennar ikkje endrar seg, verken positivt eller negativt.

Intervjupersonane uttrykte at dei har lært å skjerme seg sjølve. I tillegg fortalde dei at dei har blitt meir kritiske til eldre dei har blitt. Dei hadde ein felles forståing på at det er det enkelte individ sitt ansvar å beskytte seg sjølv for alt som finst på internettet, for eksempel kroppspress. «Altså viss du føler eit kroppspress, eller føler at du er litt slik, får litt negative tankar då, så kan du jo la være å følge den personen», uttrykte Marte. Vidare formidla Sara: «Eg trur at vi som er litt eldre har skjønnt det meir og skjønna at vi må passe på. Vi må tenke gjennom det vi ser på, kor mykje vi ser på det og kven vi følger». Også Pernille var einig i dette: «Ein kan jo avgrense det sjølv, for så vidt, med å passe på kven ein følger og kor mykje energi ein legg i det, og ja, at ein tenke over kva som er viktig for ein, [...]». Pernille formidla også at ho har blitt meir kritisk til eldre ho har blitt, mykje på grunn av eigne erfaringar.

5.0 Drøfting

I drøftingskapittelet vil eg drøfte empirien i lys av teori og relevant forskning. På denne måten skal eg forsøke å svare på problemstillinga mi: «*På kva måte kan sosiale medium bidra i sosialiseringssprossar blant unge jenter i dagens samfunn?*». Målet med drøftingsdelen er å belyse samanhengen mellom sosiale medium og sosialiseringssprossar. Eg vil fyrst sjå på ulike arenaer der sosialisering skjer. Til sist vil eg drøfte korleis ein kan sjå sosialisering i lys av sosiale medium.

5.1 Sosialisering på ulike arenaer

Sosialisering i primærgruppa står for den viktigaste læringa (Sølvberg et al., 2007, s. 53-55). Likevel hevdar Frønes (2013, s. 20) at jamnaldrande venar og medium stadig blir ein større del av sosialiseringssprossen.

5.1.1 Referansegruppa

Som nemnt tidlegare er referansegruppa ei gruppe med medlemmer som vi samanliknar oss med (Sølvberg et al., 2007, s. 53). Slike medlemmer kan være jamnaldrande venar, samt folk

vi ser opp til og identifisera oss med (Andresen et al., 2007, s. 74). Kommunikasjon med venar er noko alle informantane brukar sosiale medium til. I tillegg kom det fram i intervjuet at fleire har ideal som dei ser opp til. Sara fortalte blant anna at dersom nokon ser ut akkurat slik ho ønsker, og har gjort noko for å sjå slik ut, så har ho sjølv ein moglegheit for å gjere det same. I ei undersøking i USA om identitetsutvikling og sosialiseringmønster hevdar Riesman at det har skjedd ei endring i sosialiseringprosessen (Riesman, referert i Repstad, 2014, s. 71). Vidare blir det hevda at folk i større grad tilpassar seg jamnaldringar og trendar som er skapt i medium. I intervjuet fortalte alle deltakarane om folk som hadde kvalitetar eller gjenstandar dei sjølv kunne tenke seg. Sara fortalte i intervjuet om eit kroppsideal. Ho nemnde mellom anna trening for å få musklar, slik som andre har. I tillegg snakka ho om tynne og fine modellar. Ho kunne ønske at ho såg lik ut slik at ho også kunne vore modell. Marte fortalte om personar som legg ut bilete av ting ho ønsker. I tillegg nemnde både ho og Pernille fleire gongar i løpet av intervjuet at dei brukar sosiale medium til å hente inspirasjon. Slik eg tolkar dette samanliknar intervjupersonane seg med andre folk, både jamnaldrande venar og førebileter. Dei har i tillegg fortalt at dei brukar sosiale medium til kommunikasjon med venar. Det kan difor tenkast at dei i noko grad tilpassar seg jamnaldringar. I tillegg kan det sjå ut som deltakarane har moglegheit til å samanlikne seg med referansegruppa gjennom sosiale medium. Likevel kan eg ikkje sjå bort frå at denne samanlikninga, i større eller mindre grad, også skjer i møte med andre menneske.

5.1.2 Sosiale samanlikningsprosessar

Sosiale medium er på same måte som røynda, ein kompleks verden å navigere i. Gjennom sosiale medium kan du mellom anna finne folk i alle aldrar og med ulike interesser (Aalen, 2015, s. 114). Det er med andre ord veldig mange ulike folk å samanlikne seg med. Sara fortel blant anna at ho samanliknar seg med andre på Instagram gjennom funksjonen «utforsk». Dette er ei side der innhaldet veljast med bakgrunn i folk du sjølv følgjer eller innlegg du har likt (Instagram, 2020). Dei to andre deltakarane, Marte og Pernille, uttrykte at dei ikkje samanliknar seg med andre. Dei formidla at dei i staden brukar sosiale medium til å finne inspirasjon. Likevel kan det tenkast at dei i noko grad gjer samanlikningar dei også, men i staden brukar ordet «inspirasjon» for å uttrykke seg. Pernille fortalte blant anna at ho prøvar å la være å samanlikne seg sjølv med andre. Vidare nemnde ho at dersom nokon er god på noko ho interesserer seg for, så kan ho kjenne på ei kjensle av at det ikkje er mogleg å bli like flink. Eg tolkar dette som at Pernille samanliknar seg med andre dersom det er noko ho interesserer seg for.

Mykje tyder på at deltakarane samanliknar seg sjølv med andre på sosiale medium. Likevel har eg funn som kan tyde på at slik samanlikning også skjer i direkte, personleg kontakt med andre menneske. Dette er i tråd med funna i studien til Fardouly et al. (2017). Dei konkludera med at mesteparten av samanlikning i kvinners liv skjer ved personleg kontakt, altså ikkje gjennom sosiale medium. Elvebakk, Engebretsen og Walseth (2018) har også gjort ein studie om ungdom si oppleving av kroppsideal og kroppspress på sosiale medium. I denne studien opplever jenter at dei vert meir påverka av venar og andre rundt seg, enn gjennom medium (Elvebakk et al., 2018, s. 96). I intervjuet med Pernille brukte ho blant anna orda «omgå» og «omringe». Ho fortalde at dersom ein omringa seg med folk som berre snakkar om slanking, så påverkar dette. På den eine sida kan det tenkast at Pernille refererer til sosiale medium fordi dette var tema på intervjuet. På den andre sida kan ordet «omringe» tolkast som personleg kontakt. Eg ser i etterkant av intervjuet at eg burde fått Pernille til å utdjupe kva ho meinte med dette ordet. Uavhengig av kva ho meinte med det ho sa, fortalde ho ingenting om slik kontakt påverkar ho meir enn i sosiale medium. Eg har difor ikkje, ut i frå det datamaterialet eg har, belegg til å være einig i det studien til Fardouly et al. (2017) kom fram til. Mine funn fortel noko om at det forgår sosiale samanlikningsprosessar gjennom sosiale medium, og at det kan tenkast at slik samanlikning også kan skje gjennom direkte, personleg kontakt.

5.2 Sosialisering som ein livslang prosess

Sosialisering er noko som skjer gjennom heile livet (Frønes, 2013, s. 13; Sølvsberg et al., 2007, s. 58). Det er likevel fasar og personar i livet som påverkar oss meir enn andre (Sølvsberg et al., 2007, s. 51). Deltakarane i intervjuet er i ein fase der dei skal gå frå barn til vaksne. Denne fasen blir sett på som ein kritisk fase der vi er meir sårbare. I tillegg er dette ei tid der ein let seg påverke i større grad (Sølvsberg et al., 2007, s. 58). I intervjuet fortalde deltakarane fleire gongar at dei ikkje vil påstå at dei vert påverka av sosiale medium. Likevel gav deltakarane i noko grad uttrykk for at dei vert påverka. Pernille fortalde mellom anna at ein over tid kan gløyme kva som er «normalt». Slik eg tolkar dette kan Pernille til tider bli ubevisst påverka. På den andre sida viser Pernille at ho er bevisst på dette ved å ta det opp, i tillegg til at ho fleire gongar nemnde at påverknad handlar om kva ein eksponerer seg for. Eg opplev at alle deltakarane i ulik grad er ambivalente ovanfor kva dei meiner om påverknad. Ei forklaring på dette kan være at det er vanskeleg å innrømme slik påverknad ovanfor seg sjølv, men også ovanfor meg som forskar. Det kan også tenkast at dei refererte til negativ

påverknad, og at det er denne dei tek avstand til. Her kunne eg ha presisert på ein meir tydeleg måte kva eg meinte med påverknad. Likevel ville eg halde intervjuet så opne som mogleg for at deltakarane i størst mogleg grad kunne fortelje fritt.

Alle deltakarane var einige i at dei gjennom åra har fått meir erfaring på sosiale medium. Dei nemnde også at dei blei meir påverka då dei var yngre. Dette støttar Sølvsberg et al. (2007, s. 75) når dei skriv at barn kan være meir sårbare på grunn av manglande erfaring. Det kan tenkast at deltakarane over tid har lært seg den kulturen som er på sosiale medium, samt korleis dei skal navigere seg gjennom dei ulike plattformene. Andresen et al. (2007, s. 69) nemner dette som ein del av sosialiseringa. Dei hevdar at ein må lære om verdiar, normer og kulturar som eksisterer i samfunnet. Deltakarane må blant anna ta stilling til kva bilete dei skal legge ut, lære korleis andre redigerer og framstiller sine liv, holde seg oppdatert på språket som blir brukt til å kommunisere og kva funksjonar dei ulike plattformene har. Deltakarane har med åra gått gjennom ein modningsprosess knytt til bruk av sosiale medium. Dei har mellom anna tileigna seg erfaring og kunnskap om korleis bilete blir redigert og framstilt på sosiale medium. Det kan tenkast at slik kunnskap og erfaring gjer at deltakarane blir meir kritiske til innhaldet på sosiale medium, og at dei difor blir mindre sårbare. Dette stemmer overeins med teori. Sølvsberg et al. (2007, s. 75) hevdar at måten vi navigerer og kor mykje kunnskap vi har, er avgjerande for kor sterkt meiningane og haldningane våre vert påverka.

5.3 Sosialisering på sosiale medium

Sidan sosiale medium er lett tilgjengeleg, er det enkelt for ungdomar å samanlikne seg med andre. Bilete og videoar ligg lett tilgjengeleg heile døgnet (Sølvsberg et al., 2007, s. 71), uansett om dei er på skulen, heime eller på fjellet. Sølvsberg et al. (2007) hevdar at massemedium står for ei upersonleg form for sosialisering. I slike medium er det ingen form for direkte kontakt mellom sender og mottakar (Sølvsberg et al., 2007, s. 74). Sosiale medium har i tillegg til dette ei meir personleg side då fenomenet legg til rette for kommunikasjon over internett (Aalen, 2015, s. 19). Det kan difor tenkast at sosiale medium også er ein del av sosialiseringa blant ungdom.

5.3.1 Sosiale medium som ein viktig og integrert del av kvardagen

Sosialiseringsprosessen blir påverka av korleis samfunnet utviklar seg (Frønes, 2013, s. 12). Dei siste åra har teknologien i stadig større grad blitt ein del av kvardagen til folk flest. Sosiale medium er blitt ein integrert del av kvardagen til ungdomane, og plattformer som Instagram har fått stor betydning (Elvebakk et al., 2018, s. 81). Dette bekreftar også funna mine. To av deltakarane brukar rundt fem timar, medan sistemann brukar to-tre timar kvar dag. I tillegg uttrykte Sara i intervjuet at ho ikkje veit kva ho skulle gjort utan. Slik eg tolkar dette er sosiale medium ein viktig og naturleg del av kvardagen til Sara. Ein anna ting ho nemnde, var at det er lettare å snakke med folk. Dei ulike plattformene gjer det enklare å holde kontakt med venar og familie (Staude & Marthinsen, 2013, s. 57). Helleve og Klepp (2017, s. 399) hevda i tillegg at samspelet som skjer over sosiale medium er med på å påverke utviklinga. Eit anna moment som er viktig å ta med, er at sosiale medium legg til rette for ulike læringsmoglegheiter (Staude & Marthinsen, 2013, s. 63). Dette støttar også funna mine. Pernille nemnde blant anna at ho lærer om økonomi ved å følge ulike brukarar på Instagram. I tillegg fortalde Marte at ho får inspirasjon og tips om trening gjennom kjente treningsprofilar. Det å tileigne seg kunnskap og ferdigheiter blir sett som faktorar ved sosialisering. Det same gjeld kontakt med familie og venar (Sølvberg et al., 2007, s. 67). Det er difor ikkje urimeleg å tenke at dette fenomenet i stor grad bidrar i sosialiseringsprosessar blant unge.

5.3.2 Sjølvbilete

Ut i frå det som blei lagt fram i empirien, kan det tenkast at sjølvbilete er avgjerande for kor mykje ungdomar blir påverka. Både Pernille og Sara fortalde at sjølvbilete kan endre seg ut i frå kva ein eksponerer seg for. Sara formidla blant anna at dersom ein ser det «perfekte» om og om igjen, så kan dette ha ei negativ påverknad for sjølvbiletet. Aalen (2015, s. 114) beskriv dette vond sirkel: «Om selvfølelsen er skjør, er det større sannsynlighet for at vi gjør oppadrettede sosiale sammenligninger som går utover selvfølelsen». Ut i frå dette kan det tenkast at grunnen til at Sara eksponerer seg for det «perfekte», er fordi ho ikkje har eit optimalt sjølvbilete. På den andre sida kan det tenkast at Sara refererte til andre og at det ikkje var hennar sjølvbilete ho snakka om. I intervjuet nemnde ho mellom anna at ho ikkje har behov for å samanlikne seg med andre då ho er trygg på seg sjølv. Pernille fortalde at sjølvbiletet kunne bli endra dersom dei som får mest oppmerksomheit ser ut på ein viss måte. Dette kan tolkast ved at dei som får mykje merksemd på sosiale medium, set ein standard på korleis ein skal sjå ut. Vi ser kva reaksjonar andre får, og ut i frå dette gjer vi opp ei meining på korleis ting skal være (Engelstad, Grenness, Kalleberg & Malnes, 2015, s. 254). På den

andre sida fortalde Pernille at dersom ein har eit godt sjølvbilete, så blir ein ikkje påverka. Det at Pernille i utgangspunktet brukar sosiale medium til å kommunisere og finne inspirasjon, kan tolkast som at ho er bevisst på korleis ho brukar dei ulike plattformene. Dersom dette er tilfelle, vil ho bli mindre påverka fordi ho ikkje er passiv brukar av fenomenet (Aalen, 2015, s. 118). I tillegg til korleis ein brukar sosiale medium, er tryggleik ein faktor som kan være avgjerande for kor mykje ein vert påverka. Dette nemnde også Pernille fleire gongar i løpet av intervjuet. Ho meinte at sjølvbilete er noko som må byggast frå ein er små.

Det kan ut i frå dette tolkast at sjølvbilete kan bli svekka dersom ein eksponerer seg for det ein sjølv tenker er eit ideal. På den andre sida kan eit godt sjølvbilete være avgjerande for at ein ikkje let seg påverke i like stor grad. Det kan difor tenkast at kor mykje ein lar seg påverke, handlar om kva ein eksponerer seg for.

5.3.3 Selektiv eksponering

Sosiale medium har både sunne og usunne forbilete. Sara gjentok fleire gongar gjennom intervjuet ordet «modell». Ho viste også fleire gongar at ho er opptatt av eit kroppsideal som dominerer i modell-bransjen. Marte nemnde fleire gongar inspirasjon til trening og baking, medan Pernille nemnde blant anna læring innan økonomi. Det kan difor tenkast at deltakarane eksponerer seg sjølv for ulike sider ved sosiale medium, og at dette kan påverke korleis dei blir påverka (Sølvberg et al., 2007, s. 75). Likevel viser deltakarane ei form for sjølvstendigheit. Alle formidla ei haldning om at det er opp til kvar enkelt kva ein eksponerer seg for. Både Sara og Pernille viser sjølvstendigheit i form av at dei har slutta å følge folk dei sjølv tenker har negativ påverknad. Deltakarane viser på denne måten at dei gjer ei selektiv eksponering (Sølvberg et al., 2007, s. 75). Sjølv om Marte ikkje nemnde noko om dette, er det ikkje usannsynleg at også ho har teke slike val. Her burde eg vore flinkare til å få Marte til å utdjupe svara sine. Det at deltakarane er i stand til å ta slike val kan tyde på at dei har funne sin plass på sosiale medium, noko Engelstad et al. (2015, s. 249) beskriver som ein del av sosialiseringa. Deltakarane viser at dei er i stand til å forhalde seg til den verden som er på sosiale medium (Sølvberg et al., 2007, s. 66). I intervjuet fortalde deltakarane indirekte at dei tek avstand til kollektivet si forming. På denne måten viser deltakarane at det ikkje er alt på sosiale medium dei godtek (Sølvberg et al., 2007, s. 75). I tillegg kan det også tenkast at deltakarane tek avstand frå dei normene dei er ueinige i (Sølvberg et al., 2007, s. 66), fordi dei har teke eit val om å slutte å følgje folk dei tenker har negativ påverknad.

5.3.4 Kva styrer handlingane til deltakarane?

Marte nemnde i intervjuet at ein av dei negative sidene ved sosiale medium er at ein alltid skal vise dei gode sidene av seg sjølv. Slik eg tolkar dette kan Marte føle på eit press for å legge ut berre positive bileter. Ho fortalte vidare at det kanskje ikkje er så populært å vise negative sider. Dette kan tyde på at det er fleire som har dei same tankane som Marte. Slik eg ser det, har Marte ei pragmatisk tilpassing til den rolla ho har på sosiale medium (Repstad, 2014, s. 56). Det kan tenkast at Marte føler eit press på å legge ut positive bilete fordi det motsette ikkje er så populært. Dersom dette stemmer, strider handlingane hennar mot det ho eigentleg tenker (Repstad, 2014, s. 56). Marte presiserer likevel at ho ikkje føler noko press, men at det er noko som berre er der. Dette forklarar Engelstad et al. (2015, s. 254) som usnakka sosiale normer. Det er ei forventning som er skapt på sosiale medium, men som ingen eigentleg snakkar om.

Dei to andre deltakarane viser teikn til at dei har ei ideologisk tilslutning til rolla på sosiale medium, altså at dei utfører ei handling fordi det vert opplevd som det naturlege (Frønes, 2013, s. 19). Dei fortalte at dei tek avstand til kollektivet si forming ved at dei utfører handlingar i tråd med det dei sjølve ønsker. Det at Sara legg ut det ho ønsker, fortel at ho har ei ideologisk tilslutning (Repstad, 2014, s. 56). Også Pernille gjev uttrykk for dette då ho fortalte at det er viktigare for ho å ha ein kropp som fungera, enn en kropp som andre syns er fin. Med dette viser både Sara og Pernille at dei handlar i tråd med seg sjølv. Likevel viser deltakarane teikn til ambivalens. På den eine sida fortalte Sara at ho legg ut det ho ønsker. På den andre sida snakka ho om eit ideal, og at det er slik ein må sjå ut for å bli modell. Sjølv om Sara i store delar av intervjuet viser sjølvstendigheit, kan det verke som at ho til tider blir påverka av kva andre tenker.

6.0 Avslutning

Gjennom arbeidet med bacheloroppgåva har eg sett på korleis sosiale medium kan være ein del av sosialiseringssprosessen blant ungdom. For å finne ut av dette har eg tileigna meg meir kunnskap om både sosiale medium og sosialisering, og undersøkt desse to fenomen opp mot kvarandre. Eg har gjennom kvalitative intervju med tre jenter undersøkt deira tankar og refleksjonar kring påverknad av sosiale medium. Eg ønska å forstå deira oppleving og erfaring av dette fenomenet. I tillegg har eg drøfta dette opp mot eksisterande forskning, samt

teori om sosiale medium og sosialiseringsprosessar. Eg opplev at eksisterande forskning i stor grad har fokusert på påverknad av sosiale medium og undersøkt dette opp mot psykisk helse. Eg trur det er viktig å ta sosiale medium på alvor, då det har blitt ein integrert del av kvardagen til folk flest, særskilt ungdom. Kunnskap om temaet er viktig for å kunne oppnå eit heilskapleg syn slik at vi på ein best mogleg måte kan hjelpe ungdom opp og fram.

Både sosiale medium og sosialiseringsprosessen viser seg å være komplekst. Begge består av mange element som er avhengige av kvarandre for å fungere. Det har difor vore ei utfordring å avgrense oppgåva til eit spesifikt område. Eg har sett på ulike element ved sosialiseringsprosessen og knytt dette opp mot funna mine. Fokuset mitt har vore å sjå på korleis sosiale medium påverkar intervjupersonane, for deretter å sjå dette opp mot sosialiseringsprosessen. Sosiale medium er blitt ein integrert og viktig del av kvardagen til dagens ungdom. Funna mine viser også at deltakarane har gått gjennom ein modningsprosess knytt til bruk av sosiale medium. Alder og erfaring ser ut til å ha hatt ei avgjerande rolle i kor mykje deltakarane har blitt påverka. Dei har også blitt meir kritiske og lært å skjerme seg sjølv etterkvart som dei har blitt eldre. Eit anna viktig funn i oppgåva er at sosiale medium legg til rette for læring og tileining av kunnskap. Det er ein verden dei må lære å navigere seg gjennom. I tillegg viser deltakarane sjølvstendigheit ved at dei tek avstand frå kollektivet si forming av ideal, samt at dei er kritiske til kva dei eksponerer seg for. Det er vanskeleg å vite kor mykje sosiale medium kan bidra i sosialiseringsprosessen. Det er likevel tydeleg at fenomenet legg til rette for samanlikning, og at ulike faktorar ved sosiale medium kan være med å påverke og forme ungdomane. Til slutt vil eg påpeike at det ikkje er noko fasit. Mine funn kan ikkje generaliserast då berre dei baserar seg intervju med tre jenter (Dalland, 2017, s. 147).

Det å skrive ei slik bacheloroppgåve har vore ei ny erfaring for meg. I likskap med andre forskingsprosjekt, har også denne oppgåva element som kunne vore betre. Som nemnt eit par gongar i drøftinga, kunne eg som intervjuar vore flinkare til å stille opne spørsmål og fått deltakarane til å utdjupe meir. Dette kunne skapt meir utfyllande og konkrete svar. I det vidare arbeidet hadde det vore interessant å undersøkt samanhengen mellom sosiale medium og sosialisering blant yngre ungdomar. Det hadde også vore spennande å undersøke dette blant gutar, og også sjå på sosialisering opp mot dataspel.

Litteraturliste

- Aalen, I. (2015). *Sosiale medier*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Andresen, E., Henningsen, R. & Kval, K-E. (2007). *Individ og fellesskap: sosiologi og sosialantropologi*. Oslo: Cappelen
- Aubert, W. (1985). *Det skjulte samfunn*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bakken, A. (2018). Ungdata. Nasjonale resultater 2018. (NOVA Rapport 8/18). Oslo: NOVA, OsloMet
- Bakken, A. (2019). Ungdata. Nasjonale resultater 2019. (NOVA Rapport 9/19). Oslo: NOVA, OsloMet
- Best, P., Manktelow, R. & Taylor, B. (2014). Online communication, social media and adolescent wellbeing: A systematic narrative review. *Children and Youth Services Review*, 41, 27-36. <https://doi.org/10.1016/j.childyouth.2014.03.001>
- Braun, V. & Clarke, V. (2006) Using thematic analysis in psychology. *Qualitative Research in Psychology*, 3(2), 77-101. <https://doi.org/10.1191/1478088706qp063oa>
- Dalen, M. (2011). *Intervju som forskningsmetode – en kvalitativ tilnærming*. (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Elvebakk, L., Engebretsen, B. & Walseth, K. (2018). Kroppen på Instagram: Ungdoms refleksjoner rundt kroppsideal og kroppspress. I Øksnes, M, Sundsdal, E. & Haugen, C (Red.), *Ungdom, danning og fellesskap: Samfunns- og kulturpedagogiske perspektiv*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.

- Engelstad, F., Grenness, C. E., Kalleberg, R. & Malnes, R. (2015) *Introduksjon til samfunnsfag: vitenskapsteori, argumentasjon og faghistorie*. Oslo: Kopinor Pensum
- Fardouly, J., Diedrichs, P. C., Vartanian, L. R. & Halliwell, E. (2015). Social comparisons on social media: The impact of Facebook on young women's body image concerns and mood. *Body Image*, 13, 38-45. <https://doi.org/10.1016/j.bodyim.2014.12.002>
- Fardouly, J., Pinkus, R. T. & Vartanian, L. R. (2017). The impact of appearance comparisons made through social media, traditional media, and in person in women's everyday lives. *Body Image*, 20, 31-39. <https://doi.org/10.1016/j.bodyim.2016.11.002>
- Festinger, L. (1954). A theory of social comparison processes. *Human Relations*, 7(2), s. 117-140. <https://doi.org/10.1177/001872675400700202>
- FO. (2019, november). Yrkesetisk grunnlagsdokument: for barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar. Henta 28. april 2020 frå https://www.fo.no/getfile.php/1328113-1587105760/Visuell%20profil/yrkesetiske_GD_2_nynorsk%20web.pdf
- Frønes, I. (2013). *Å forstå sosialisering*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Helleve, A. & Klepp, K.-I. (2017). Trådløs og sårbar ungdom? Helserelevansen ved bruken av sosiale medium. I K.-I. Klepp & L. E. Aarø, *Ungdom, livsstil og helsefremmende arbeid* (s. 399-410). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Henriksen, S. H. (2017). *Delt glede er dobbel glede, delt sorg er halv sorg: En kvantitativ studie av sammenhengene mellom skjermtid, vennsrelasjoner og psykiske helseplager*. (Mastergradsavhandling). Høgskolen i Sørøst-Norge, Kongsberg.
- Hogue, J. V. & Mills, J. S. (2019). The effects of active social media engagement with peers on body image in young women. *Body Image*, 28, 1-5. <https://doi.org/10.1016/j.bodyim.2018.11.002>

- Instagram. (2020). Utforske bilder og videoer. Henta 12. mai 2020 frå [https://www.facebook.com/help/instagram/140491076362332/?helpref=hc_fnav&bc\[0\]=Instagram%20Help&bc\[1\]=Using%20Instagram&locale=nb_NO](https://www.facebook.com/help/instagram/140491076362332/?helpref=hc_fnav&bc[0]=Instagram%20Help&bc[1]=Using%20Instagram&locale=nb_NO)
- Jacobsen, D. I. (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring: Innføring i metode for helse- og sosialfagene* (2. utg.). Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Lønøy, K. K. (2019). *#Influencer - En kvalitativ studie av influenceres rolle i unge kvinners liv*. (Mastergradsavhandling). Universitetet i Bergen, Bergen.
- NRK TV. (2018, 8. mars). *8. mars 2018* [Videoklipp]. Henta frå <https://tv.nrk.no/serie/debatten/201803/NNFA51030818/avspiller>
- NRK TV. (2019, 19. mars). *19. mars 2019 – Bloggermakt og kroppspress* [Videoklipp]. Henta frå <https://tv.nrk.no/serie/debatten/201903/NNFA51031919>
- NRK TV. (2020, 4. februar). *4.feb. – Vixen og Kroppspress* [Videoklipp]. Henta frå <https://tv.nrk.no/serie/debatten/202002/NNFA51020420>
- Repstad, P. (2014). *Sosiologiske perspektiver: for helse- og sosialarbeidere* (3. utg.). Oslo: Universitetsforlaget
- Risøy, S. M. & Sørensen, R. (2020). *Metodeskriv BSV5-300*. (Campus Sogndal). Sogndal: Høgskulen på Vestlandet
- Røgeberg, O. (2018, 31. august). Fire av fem nordmenn bruker sosiale medier. Henta frå <https://www.ssb.no/teknologi-og-innovasjon/artikler-og-publikasjoner/fire-av-fem-nordmenn-bruker-sosiale-medier>
- Staude, C. & Marthinsen, S. T. (2013). *Sosial kommunikasjon: Personlig - samtale - verdi*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Sølvberg, E., Kjelsaas, H. A. & Eriksen, T. H. (2007). *FOKUS menneske og samfunn: sosiologi og sosialantropologi*. Oslo: Aschehoug

Thorbjørnsen, M. S. (2017). *Sammenhengen mellom ungdommers hyppighet i bruk av sosiale medier og deres selvopplevde psykiske helse*. (Mastergradsavhandling). Universitetet i Bergen, Bergen.

Øgård-Repål, A., Strand, S. A. & Karlsen, T.-I. (2017). Karakterpress, kroppspress og gjengpress: Fokusgruppeintervju av jenter i 9. klassetrinn etter funn fra Ungdataundersøkelsen. *Tidsskrift for psykisk helsearbeid*, 14(2), 109-120.

<https://doi.org/10.18261/issn.1504-3010-2017-02-03>



Førespurnad om deltaking

Eg heiter Hanne Åsebø og studerer Sosialt arbeid ved Høgskulen på Vestlandet, avdeling Sogndal. Eg er no på mitt siste år og er i gang med bacheloroppgåva mi. Føremålet med studien er å finne ut korleis sosiale medium kan være en brikke i sosialisering. Opplysningane eg får frå deg vil bli brukt som data i oppgåva og drøfta opp mot eksisterande forskning.

Problemstilling: *På kva måte kan sosiale medium bidra i sosialiseringsprosessar blant unge jenter i dagens samfunn?*

Kva metode skal nyttast for å innhente opplysningar?

Eg har valt å bruke kvalitativ metode, der eg vil utføre intervju. I eit slikt intervju er det du som er ekspert. Eg er altså ute etter dine opplevingar og tankar om temaet.

Kven har tilgang til opplysningane?

Alle personopplysningar vil bli behandla konfidensielt. Personar som har tilgang til personopplysningar er rettleiar ved Høgskulen på Vestlandet, samt eg som student. Intervjuet blir teken opp på lydband, transkribert og lagra innelåst, og vil bli sletta etter at studien er avslutta. Deltakarane vil bli anonymisert i publikasjonar. Oppgåva skal etter planen leverast våren 2020.

Frivillig deltaking

Det er frivillig og delta i undersøkinga. Den som deltek har moglegheit til å trekke seg når som helst undervegs, utan å måtte grunngje kvifor. Om du vel å trekke deg, blir alle opplysningane og informasjonen frå deg sletta.

Forskaren har teieplikt. Alle opplysningane som kjem fram skal bli behandla konfidensielt. Resultata frå undersøkinga skal presenterast anonymt. Personopplysningar og anna informasjon du opplyser om, som kan kjennast igjen, skal ikkje noterast eller takast opp.

Samtykke

Du har motteke munnleg informasjon om forskingsprosjektet «Sosialisering i lys av sosiale medium» og bekreftar hermed at du ønskjer å delta i prosjektet ved å stille til intervju.

Rettleiar:

Margrete Stave Aksnes

Tlf.: 995 18 706

E-post: margrete.stave.aksnes@hvl.no

Intervjuguide

Problemstilling:

- *På kva måte kan sosiale medium bidra i sosialiseringssprossar blant unge jenter i dagens samfunn?*

Praktisk informasjon:

- Gå gjennom informasjonsskrivet og få munnleg samtykke/bekrefting på at dette er forstått.

Erfaring med sosiale medium

- 1) Kva er sosiale medium for deg?
- 2) Kva brukar du sosiale medium til?
- 3) Kor mange timar vil du seie du nyttar på sosiale medium per dag?
- 4) Kva sosiale medium, der deling av bilete er i fokus, brukar du?
 - a. Evt. kva brukar du mest tid på, og kvifor?
- 5) Kva er din erfaring med sosiale medium?
- 6) Kva er dine tankar om sosiale medium? Positive/negative tankar?
 - a. Dersom positivt: Kva kjensler får du av dette?
 - b. Dersom negativt: Har du gjort noko for å unngå dette? Kor medviten er du på dette ved bruk av sosiale medium?

Samanlikning

- 7) På kva måte samanliknar du deg med andre på sosiale medium?
- 8) Kven samanliknar du deg med?
 - a. Kva relasjon du til dei du samanliknar deg med?
- 9) Følgjer du influencerar? Evt. kven?
 - a. Kvifor føl du dei? (Trening, sminke, mote, osv.)

Påverknad

- 10) Korleis trur du bilete på sosiale medium påverkar deg?
- a. Dine tankar og følelsar om deg sjølv, kroppspress og anna.
- 11) Korleis opplev du bilete på sosiale medium blir framstilt?
- a. Kan du seie noko om korleis du trur dette påverkar deg?
 - b. Kan du seie noko om korleis du føreheld deg til bilete som blir lagt ut på sosiale medium?
- 12) Korleis kan samfunnet, til dømes skular, lag og andre organisasjonar, bidra til positiv bruk av sosiale medium?

Kroppspress

- 13) Trur du bilete folk legg ut av kroppar kan påverke tankane om din eigen kropp?
- a. Evt. korleis?
- 14) I den siste tida har det vore mykje fokus på korleis «influencerar» bidrar til kroppspress. Kva er dine tankar rundt dette?
- 15) Har du nokre tankar om korleis kroppspress kan avgrensast?

Avslutning

- 16) Er det noko anna i forhold til sosiale medium som du tenker er viktig å få fram?
- 17) Takk for at du tok deg tid til å snakke med meg!



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgåve

BSV5-300 Bacheloroppgåve

Predefinert informasjon

Startdato:	13-05-2020 13:17	Termin:	2020 VÅR
Slutt dato:	20-05-2020 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgåve	Studiepoeng:	15
SIS-kode:	203 BSV5-300 1 BO 2020 VÅR		
Intern sensor:	Inger Johanne Solheim		

Deltaker

Navn:	Hanne Åsebø
Kandidatnr.:	322
HVL-id:	573644@hvl.no

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	9717	Inneholder besvarelsen konfidensielt materiale?:	Nei
Egenerklæring *:	Ja		

Jeg bekrefter at jeg har ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:

Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei